



Årsmelding for Vågstranda idrettslag 2014.

Styret for 2013/14 var;

Leiar : Anne Grete Kjersem.

Nestleiar : Johan Solgaard.

Kasserar : Agnes Helgadottir.

Sekretær : Maria Pedersen.

Styremedlemmar :

Vidar Klypen (fotball)

Inger Marie Henriksen (ski)

Per Tore Storbråten

Kai Talberg

Eskild Svendsen

Året som gikk....

I løpet av året har vi hatt 6 styremøter og årsmøte. Det har vore eit varierende år, der vi har hatt våre faste aktivitetar, med fotball, litt ski og diverse. Men, det har og skjedd ein god del anna! Som tidlegare hadde vi nissemarsj saman med ungdomslaget i november.

Etter nyttår var det lysløyperenn som stod for tur, i år vart det arrangert 1 renn. Det var andre vanlege skirenn for dei som driv med det, desse barna er Fredrik og Isak S. Pedersen, Tobias Solgaard og Lukas P. Våge. Dei har alle gjort det bra i mange renn. Isak og Tobias Solgaard er no uttekne på Kretslaget i langrenn og trener for tida godt. Philip(9) og Oliver(11) har hatt en flott sesong i alpinbakken. De konkurrerte i slalom, storslalom og super-g. I Møre og Romsdal skikrets sin alpincup ble Oliver nummer 2 i sin klasse sammenlagt. Sammenlagresultatene tok utgangspunkt i utøvernes beste plasseringer i 7 kretsrenn. Oliver og Philip deltok også i år på Bendit alpinfestival i Ål i Hallingdal, som samlet ca 700 alpinister fra store deler av landet, opp til og med 12 år. Oliver oppnådde sin beste plassering i slalom, hvor han ble nr. 9 blant de ca. 70 startende i klassen!

Heile haust og vinteråret er det og allidrettstrening.

Vi var og dette året med på Bygdas Dag arrangementet, saman med andre lag.

På våren starta fotballsesongen, der vi hadde jentelag i jenter 16 år som spelar serie og har vore med på ulike cupar, mellom anna Norway cup. Vi har samarbeidslag i gutar 13, som og var på Norway cup, samt eigne lag i gutar 11, jenter 9 og knøttelag med jenter 7. Dei har delteke i sine seriar og på nokon cupar, mellom anna var dei på Fåberg cup.

Det er og barn som er med på sykkelløp, Philip(9) sin aldersklasse har ikke rangeringer, men i de rittene han har deltatt i har han hevdet seg tidsmessig helt i toppen. De har deltatt på flere ritt i Østlandslandsområdet. I ungdomsmesterskapet i landeveissykling, som samler de beste til kappestrid, ble Oliver nr.7 på tempo og nr. 9 på fellesstart, av i alt 30 startende. Philip og Oliver deltok på 8 ritt i ungdomscupen på sykkel i Møre og Romsdal. Det ble konkurrert både på landevei og i terreng. Oliver gikk seirende ut av ungdomscupen i Møre og Romsdal i klassen 11-12 år.

På våren var det og Vågen Rundt som hadde nedgang i deltaking og er på det minimale, men veldig mange skulelag. Vi hadde dette året terrengløp rundt Vågen for andre gong, der det deltok rundt 26 personar. Arrangementet gjekk i alle fall bra, med god inntekt.

Vi har og hatt barn som har delteke på litt lokale friidrettsstevner og løp, men det er ikkje stor deltaking.

Garasjen er ikkje heilt ferdig med litt elektriske innstallasjonar og diverse inne, men det arbeider ein med no for å få på plass. Det vert ei investering som kostar litt, men som vert betre på lengre sikt.

Vi har og ein gjeng med folk i bitte litt eldregarde som fiksar turmål og held dette litt ved like, det er flott.

Laget vert eigentleg drevet godt og vi har sunn og god økonomi, som gjer det muleg å drive med variert idrett, der vi kan støtte så godt opp omkring idrettane som vi kan!!

PS! Me ynskjer oss nye styremedlemmer, dersom nokon er interessert.



Styret for 2014/15 er:

Leiar : Eskild Svendson

Nestleiar : Johan Solgaard.

Kasserar : Agnes Helgadottir.

Sekretær : Maria Pedersen.

Styremedlemmar:

Vidar Klypen (fotball).

Inger Marie Henriksen (ski).

Per Tore Storbråten.

Kai Talberg.

Anne Grete Kjersem.

Helsing

Vågstranda Idrettslag